

ARBEIDSPROGRAM FOR 2022

Vi har framleis ein pågåande covid19-pandemi som vi antek kan sette grenser for aktiviteten i både MRPF og lokalforeiningane i deler av 2022 også.

MEDLEMSARBEID:

Medlemmane i fylket er registrerte i dei 3 lokalforeiningane. Lokalforeiningane har ansvar for medlemsmøte og aktivitetar lokalt. Fylkesforeininga sit med det formelle ansvaret.

Fylkesforeininga si oppgåve:

- Samarbeide med dei 3 lokalforeiningane, ha ein koordinerende funksjon og bidra til at aktivitetar og tilbod vert gjort tilgjengeleg for alle medlemmane i fylket
- Gjennomføre arbeidsprogrammet innanfor budsjetttrammene
- Fylgje opp vedtak
- Gjere organisasjonen meir synleg og tilgjengeleg for medlemmane
- Ha ein webansvarleg som oppdaterer heimesida til fylkesforeininga
- Gi ut Hør på meg
- Oppdatere medlemslistene for å nå ut til alle medlemmane

Organisasjon og utviklingsarbeid:

- Fylkesforeininga skal ha tett samarbeid med lokalforeiningane
- Jobbe oppover mot NPF og utad mot ulike instansar i fylket til medlemmane sitt beste
- Gi ut Hør på meg minimum 3 gongar i året
- Motivere og inspirere medlemmer til deltaking på digitalt likepersonkurs

Påvirkningsarbeid:

- Arbeide for å rekruttere likepersonar
- Verve fagpersonar til ParkinsonNet i Møre og Romsdal
- Verve nye medlemmar til NPF/MRPF, særleg vekt på yngre Parkinsondiagnostiserte, m.a. ved å distribuere den nye brosjyren også til fastlegane

Informasjonsarbeid:

- Samarbeid med lærings- og mestringsenteret i Møre og Romsdal
- Samling for likepersonar
- Sikre god informasjon til nydiagnostiserte i første møte med nevrolog
- Sjå til at relevant materiell om Parkinson sjukdom er tilgjengeleg på alle nevroavdelingane og andre "møtestadar" som fysioterapeut, fastlege, logoped og liknande

Volda 24.1.22

Styret